



Arkivnr: 2015/12809-1
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt, Elin Golten

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016
Fylkesutvalet		29.01.2016

Løyving til Nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. – 14. juni 2016.

Samandrag

Halmstadkonferansen, som har vore arrangert sidan 1990-talet, er ein viktig arena og møteplass for nordiske biblioteksfolk og kulturpolitikarar. Konferansen tek opp aktuelle problemstillingar for utvikling av folkebiblioteka og set dei i eit politisk og fagleg perspektiv. Arrangementet har gjennom ei årrekke vore ein sentral arena for å peike ut den vidare kursen til folkebiblioteka i dei nordiske landa.

I 2016 vert konferansen arrangert i Bergen. Tittelen er «*Bibliotek forandrer liv!*». I omtalen heiter det at folkebiblioteka utgjer ein enorm, mektig og effektiv infrastruktur, som kan hjelpe samfunnet med å takle mange utfordringar. Problemstillingane skal belysast gjennom innlegg og samtalar mellom politikarar og fagfolk frå Sverige, Danmark, Noreg og Finland. Nytt av året er eit møte før konferansen startar, mellom nordiske bibliotekarar som arbeider på regionalt nivå.

Arbeidet med å førebu konferansen har no kome til eit punkt der det er naturleg å leggje fram sak til politisk handsaming.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14. juni 2016. Løyvinga dekkast av fylkesutvalet sin tilleggsloøyvingskonto.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.12.2015

Bakgrunn

12. – 14.juni 2016 vert det arrangert nordisk, bibliotekkonferanse i Bergen: «Halmstadkonferansen». Konferansen er årleg og oppsto i Halmstad i Sverige i 1990. Programkomiteen er ei nordisk gruppe med leiarane av biblioteket i Mölndal, Regionbibliotek Halland, hovudbiblioteket i Århus og fylkesbiblioteket i Hordaland fylkeskommune.

Konferansen har vore ein viktig arena og møteplass for nordiske kulturpolitikarar og bibliotekarar. Bibliotek i Norden har ulike utgangspunkt når det gjeld bruk og ressurstilgang, men har felles utfordringar når det gjeld kva rolle dei skal spele i framtida. Halmstadkonferansen sitt motto er «*Framtid for folkebibliotek*». Konferansen drøfter aktuelle problemstillingar for utvikling av folkebiblioteka og belyser dei i eit politisk og strategisk perspektiv. Arrangementet har gjennom ei årrekkje vore ein sentral arena for å peike ut den vidare kursen til nordiske folkebibliotek.

Sidan 2001 har konferansen alternert mellom Sverige (Halmstad), Danmark (Århus) og Noreg. Hordaland fylkeskommune har vore arrangør to av dei tre gongene konferansen har vore i Noreg. Kultur- og idrettsavdelinga v/ fylkesbiblioteket hadde ansvar for å arrangere konferansen i Bergen i 2009 og i 2013. Sist var det 230 deltakarar og 18 innleiarar frå Noreg, Sverige og Danmark til stades.

Halmstadkonferansen i Bergen 2016

Konferansen i 2016 blir arrangert 12. – 14. juni 2016 i Bergen. Konferansen skal haldast på Grand Hotel Terminus og Bergen off. bibliotek. Bergen kommune inviterer til mottaking om kvelden på første konferansedagen.

Tittelen på konferansen i 2016 er «Bibliotek forandrer liv!». I omtalen heiter det at folkebiblioteka utgjer ein enorm, mektig og effektiv infrastruktur, som kan hjelpe samfunnet med å takle mange utfordringar. I eit moderne sekularisert samfunn er biblioteket ein tradisjonell institusjon med solid legitimitet. Potensialet til folkebiblioteka kan i enda større grad utnyttast til å byggje sterke fellesskap og styrkje kvart einskild menneske. Folk nyttar folkebiblioteka som uavhengige kjelder til inspirasjon, kunnskap og tilknytning. Dei er difor springbrett til innovasjon, økonomiske mulegheiter, eit sunnare og grønar liv og personleg vekst. Kvart bibliotek er unikt og tilpassa behova til brukarar og lokalsamfunn. Biblioteka utviklar seg i takt med at samfunnet og individuelle behov utviklar seg – mykje på grunn av den digitale utviklinga. I staden for å vente på at folk skal kome, når biblioteka ut i samfunnet på tallause vis.

Førebels program

Under er ei førebels skisse av programmet. Nytt av året er eit møte før konferansen startar, mellom nordiske bibliotekarar som arbeider på regionalt nivå. Målet er at programmet den første dagen skal vere særleg interessant for politikarar og den andre dagen, som har parallelle sesjonar, tek opp faglege trendar.

Invitasjonar vert sendt til fylkespolitiske organ, kommunane og til biblioteka i Hordaland i januar/februar 2016.

Søndag 12. juni Regionale bibliotek

- 11.00 – 12.00 Lunsj
 12.00 – 17.00 Møte mellom bibliotekarar som arbeider på regionalt nivå i Norge, Sverige, Danmark, Finland og Island
 18.00 – 21.00 Get Together/registrering.på Bergen Off. Bibliotek

Mandag 13. juni Politikk

- 09.00 – 10.00 Registrering
 10.00 – 10.15 Kulturinnslag
 10.15 – 10.30 Velkommen til Hordaland
 Opning (ønskjeleg ved fylkesordførar Anne Gine Hestetun)

1. sesjon: Nasjonale bibliotekstrategiar

- 10.30 – 11.00 Kva tyder ein nasjonal bibliotekstrategi for dei kommunale biblioteka i Norge, og de regionale biblioteka?
 Direktør ved Nasjonalbiblioteket Aslak Sira Myhre
 11.00 – 11.15 Beinstrekk
 11.15 – 12.30 Verdidiskusjon (utfordringer på kommunalt nivå)
 Per Olson, statssekretær i for svensk kultur- og demokratiminister
 Elsebeth Tanks, Danmark
 Aslak Sira Myhre, Norge

12.30

Lunsj

2. sesjon By- og stadutvikling

- 13.30 – 14.30 Dokk1 endrer Århus.
 Stadsarkitekt i Århus Stephen Willacy
 Å bruke bibliotekarkitektur for å skape fellesskap og inkludering i offentlege rom.
 1 eller to innlegg til (fra Norge: Bibliotek i kulturhus)
 14.30 – 15.00 Pause med litt mat og drikke

3. sesjon

- Bibliotek forandrer liv**
 15.00 – 16.30 Kva kan biblioteka bety for flyktningar (og immigrantar) i ei verd av flyktningstrømmar?
 Sverige - Malmø, Stockholm
 Perspektiv frå ein flyktning som brukar biblioteket
 Tiltak for innvandrarar på Bergen Off. Bibliotek
 16.30 Slutt – event. tilbud om guidede turer i Bergen
 19.00 Middag på Fløien folkerestaurant

Tirsdag 14.juni Faglige trendar

- 09.00 – 10.00 Registrering
 10.00 – 10.15 Kulturell oppvakning
 10.15 – 11.00 Key Note
 Liz Mc Gettigan, Director of Digital Library and Cultural Experiences

11.00

Pause**Parallellsesjon 1: Det fysiske biblioteket**

- Finland: Helsinki, Strategi for kommunene i Helsinki.
 URom på Bergen Off. Bibliotek
 Using library architecture to combat loneliness and encourage connections
 Melissa Wieser, Librarian, Allerød Library, Denmark
 Utfordringer under planlegging av nytt bibliotek i Møllndal
 Anette Eliasson

11.15 – 12.30

Parallellsesjon 2: Det digitale biblioteket

- Kuratering av sosiale medier
 Peter Alsbjer, Library Director, Örebro Public Library, Sweden
 Kommunikasjon med brukere på nett
 Webløft, Norge Petter Von Krogh
 Er det bibliotekene eller systemleverandørene som styrer utviklingen?
 Gjør «fri» programvare oss fri?
 Koha i Norge og Sverige. Diskusjon

12.30 – 13.30

Lunsj**Det tilgjengelige biblioteket**

- Er meiropne bibliotek svaret? Innlegg og samtale:
 Kristin Danielsen Deichman

14.15. 14.45

Oppsummering/avslutning

Budsjett og finansiering

Det er venta at konferansen vil trekkje inntil 200 deltakarar frå dei nordiske landa. Brutto ramme er kr 740.000,- fordelt på følgjande aktivitetar:

Utgifter:

Innleiarar: reise og opphald	200 000
Keynote reise og opphold	40 000
Bookingassistanse (Berg-Hansen)	45 000
Mottaking Bergen Off. Bibliotek	80 000
Festmiddag (Fløyen folkerestaurant	130 000
Dagpakker Terminus 13.-14.juni	100 000
Lunsj søndag 12.juni	30 000
Konferansemateriell, gåver	20 000
Kulturinnslag	30 000
Uforutsette utgifter	65 000
Sum utgifter	740 000

Inntekter

Deltakaravgift	450 000
Festmiddag	90 000
Bergen kommune	50 000
Sponsing	50 000
Hordaland fylkeskommune	100 000
Sum inntekter	740 000